

Imponerende slåttedugnad

29.08.2010



uskedalen.no etterlyste her om dagen ein skikkeleg slåttedugnad på idrettslaget sitt område mellom grusbana og Geilo.

Det har vorte forsømt også i år og var eit sørgjeleg syn.

No kan etterlysinga strykast

Ein effektiv gjeng med etternamnet Haugland gjennomførte i ettermiddag ein imponerende dugnad og no framstår området nyslått og innbydande.



* Pål og Lars var i aksjon med kvar sin motorslåmaskin.



* Steinar lesste graset på tilhengaren.



* Borna deira raka og samla graset i hauger.

Konklusjonen kan ikkje vera nokon annan enn denne: Takk for god jobb!

(Foto: Kristian Olav Bringedal)